

## **Forkynning i gravferd**

### **Foredrag på stiftsdagar i Hamar, Pauline Hall-salen 4. oktober 2023**

Kjære venner,

tusen takk for invitasjon til å kome hit til Pauline Hall-salen for å snakke om noko av det aller viktigaste vi som prestar gjer. Og faktisk noko av det mange av oss gjer mest av i ei samansett arbeidsuke. For min del har det blitt stadig viktigare å arbeide ordentleg, ta i bruk all mogleg kompetanse, nysgjerrigheit og erfaringar for å vere med på å lage gode gravferder.

Som ein del av dere godt veit, har eg undervist om forkynning, eller homiletikk som var det framandordet som gjorde mor mi litt uroleg, i mange år. Veldig mykje av litteraturen om forkynning, særleg i luthersk samanheng, går ut frå at det er høgmessepreika som er utgangspunktet og målestokken for å undersøke kva ei god preike er. Og at forkynning ved gravferd, bryllup, konfirmasjon og dåp, er avleia og litt forkorta former av denne høgmessepreika. Det tid- og stadlause framstår som eit ideal. Mi erfaring er at det heller er omvendt: Nettopp fordi gravferdstalen så tydeleg vender seg til nokre menneske som har ei viktig erfaring til felles, akkurat her og no, er den i stand til å vise kva all forkynning av evangeliet eigentleg dreier seg om. Forkynninga som skjer etter at forkynnaren har snakka med dei ho skal tale til på førehand, ei forkynning der konteksten, samanhengen, dei unike erfaringane til dei som er i gravferd til dømes, nødvendigvis er ein uskiljeleg del av teksten. Det dreier seg altså ikkje om ein bibeltekst som predikanten skal preike over, men om kontekstar og tekstar som forkynninga skal skje i og gjennom. Nettopp derfor er forkynninga i gravferd i stand til å vise kva all forkynning av evangeliet eigentleg dreier seg om.

Samtidig er dei stadige utfordringar til å forkynne og vere prest i stadig ulike gravferder, noko som set alle våre ressursar, all den kompetansen og kunnskapen vi har, i spel og gir mange av lyst og behov oss til å forstå og skjønne meir. For akkurat dette arbeidet, peikar ikkje berre på kva all forkynning dreier seg om, det gir også eit bilde av presten eller forkynnaren som eit menneske og ei rolle med trekk frå ulike andre profesjonar: Vi er både profesjonelle samtalepartnarar, folk med spesialkunnskap om bibel, liturgi og korleis ein vanlegvis gjennomfører gravferder, og vi er tolkarar som prøver å forstå kva som blir sagt og kva som står på spel. For dere som er prestar i Mytting-land, er det jo opplagt at det krev kompetanse og kunnskap og nysgjerrigheit for å forstå kva folk eigentleg seier. Som trondheimar synst eg det var utfordrande å finne ut kva trøndarar *inant* eigentleg meinte, eller seinare å forstå kodene i Hasvik, Finnmark, der Teologisk fakultet for litt over 25 år sidan tok

ansvar for prestetenesta eit år. Eg hugsar eg snakka med min forgjengar der, Berge Furre, som var fyr og flamme over erfaringane i Hasvik. Berre ein ting var historikaren lei seg for: At han ikkje fekk halde ei einaste gravferd på Sørøya som var full av sterke historier frå nyare tid. Vi prestar er nemleg også historikarar som prøver å finne ut av og formulere kva som har skjedd. Og vi er til tider detektivar. For å kunne få til alt dette, trengst det framfor alt *nysgjerrigheit*.

Vi er i Pauline Hall-salen. Og då spør eg dere profesjonelt nysgjerrige som sit her: Kven var Pauline Hall? Pauline Hall (1890-1969) var ein norsk komponist som var født og voks opp i Hamar, fekk grunnleggande kulturelle erfaringar i Paris med Stravinskij og i Berlin på tredvetalet. Ho var ein utretteleg forkjempar for ny musikk, og leia i mange år eit svært mannsdominert ny-musikk-miljø i Norge med gode internasjonale kontaktar. Ho var ein kjent og frykta musikkmeldar i Aftenposten. Alt dette vart nemnd eller føresett kjent då ho vart bisatt i Vestre kapell i februar 1969. Men det sokneprest Asle Enger ikkje nemnde og som ikkje vart markert i gravferda, var at Pauline frå 1942 var sambuar med Caro, Caroline Odden, som var ein kjent journalist. Alle kunstnarvennene viste at dei var eit par og meir enn gode venner. Men i gravferda, tre år for avkriminaliseringa av homoseksuelle handlingar, var etter alt å døme dette ikkje nemnd og også Caro vart usynleggjort. Kva kan vi lære av den historia? At det er eit stort alvor forbunde med det som blir sagt og *ikkje* sagt i gravferder. Av og til får ikkje vi som prestar greie på alt det viktige i møte med pårørande. Denne synleggjeringa av levde skeive liv, er også noko av den historiske børa vi ber med oss som kyrkje. Og det er viktig for å utfordre våre eigne fordomar om eldre kvinner som ser ut akkurat som eldre kvinner gjorde ein gong.

Heldigvis har noko forandra seg. Etter at kjærestar av same kjønn har vore i stand til å gifte seg og leve utafør skapa, er dei pårørande vi prestar møter, ofte ektefeller eller andre som ikkje har noko å skjule. Men vi treng stadig ein dose nysgjerrigheit og kanskje også tydelegheit på kor vi står, til å få ulike erfaringar fram i lyset. (Eg hugsar enno kor mange klemmar eg fekk av dei som budde i Ensliges landsforbunds hus i Dynekilgata, etter at eg hadde skrive under på ei liste med støtte til skeive i kyrkja som ung kapellan i Lilleborg.)

Noko av det sterkaste med å vere prest i gravferd, er den *enorme tilliten* vi blir møtt med frå pårørande vi ikkje kjenner. Ei mor og bestemor er død. Eit godt vaksent søskenpar kjem inn på kontoret. Noko av det første dei seier er: «Mor var alkoholikar. Truleg frå før vi vart født. Det er berre vi to som har visst om det. No er vi tre.»

Ein grunnleggande regel for det som blir sagt i ei gravferd, som fleire prestar også set ord på i sorgsamtalen er: «Alt som skal bli sagt, skal vere sant. Vi treng ikkje seie *alt* som er

sant.» Den delen av sorgsamtalen som dreier seg om minnetalen er altså *research* i kva som kan bli sagt og også ei hjelp til å finne ut kva ord ein *ikkje* bør seie: «Han var fram for alt glad i barna sine». «Ho var ei omsorgsfull mor». «Familien har bestandig hatt eit nært forhold». *Nei*, det er slett ikkje sikkert at dette er sant.

### **To talar-eitt liv**

Lenge var det *ein* tale i gravferder, slik det stadig er i mange kyrkjer i verda. Fordelen med det er at det er tydeleg at evangelieforkynninga skal ha ei tydeleg tilknytning til enkeltmenneskas levde liv. Utfordringa med ein slik tale med dobbelt fokus er å kunne tale sant om eit menneskeliv og samtidig unngå å samanlikne det livet som er avslutta, med Jesu liv, eller å seie noko som kan høyrest ut som ei kyrkjeleg vurdering av det livet som er levd.

Etter 1981 er det to talar i gravferdene. Minnetalen er ifølgje ordninga «(e)it kort minneord /.../framført av liturgen eller av ein representant for dei pårørande.» Etter nokre bibellesingar er det tid for den andre talen: «Kort tale over eit av dei opplesne skriftorda eller over ein annan høveleg tekst.» Ei preike altså. Kva er forholdet mellom desse to talane. For det er to talehendingar som lever av sin forskjell og si nærheit. Kva er likheita og kva er forskjellen? Det vil eg seie noko meir om framover. Samtidig er det viktig å heile tida ha for augo at det dreier seg om to talar i den same handlinga, med pårørande, familie, naboar og lokalsamfunn til stades. Ei handling som også består av musikk stadig oftare vald av dei pårørande ut i frå kva som var den avdødes *soundtrack* gjennom livet, salmar og andre meiningsberande ord, kransar, ofte i eit kyrkerom. For min del har det gitt stadig meir mening å knyte til den valde musikken og kyrkjerommet i forkynninga. Å forkynne i kristen samanheng er å formidle evangeliet om Jesus. Vi har altså to talar som er *anamnesar* over levd liv. Og som begge utspeler seg i ein situasjon som er fylt av handlingar vi gjer *saman til minne om*. Kva er den likheita og forskjellen som desse tre handlingane lever av?

### **Minnetalen**

I løpet av gravferdshandlinga kan vi høyre ulike måtar å setje ord på det som har skjedd: Nokre gjer bruk av andrepersonsforma «du», andre tyr til tredjepersons «han» eller «ho». Nokre snakkar med notidsformer («mor er»), andre i fortid («far var»). Av og til vekslar dei som held minnetalar, mellom desse formene. Denne vekslinga er eit språkleg uttrykk for kva sorg er. Sorg handlar om den tida det tar før vi som sørger, med heile oss kan omtale den som

er død, i fortid og i tredjeperson. Det er ein prosess som kan ta lang tid, og då snakkar vi meir om år enn om dagar.

Som ein del av denne utviklinga mot meir personleg utforma gravferder har det blitt viktigare å inkludere noko av det den avdøde verkeleg var oppteken av: den musikken som utgjorde delar lydsporet til livet og også blomster, dyr, litteratur og sport. Parallelt med at mange ikkje lenger har noko nært forhold til salmeskatten, kanskje heller ikkje til klassisk norsk songtradisjon, vil dei pårørande gjerne høyre rockemusikk, fotballsanger og nyare viser, jazzballadar og annan musikk den avdøde hadde eit nært forhold til. Var vedkommande Liverpool-tilhengjar, gir det god meining å synge eller høyre «You'll never walk alone» også i gravferda. For andre vil «Amazing grace» og mange jazzstandardar ha same funksjon, det er musikk som både er kjent og meningsfull. Mange liturgar har erfart at pårørande sine val av ulik type musikk kan bidra til å gjere gravferdshandlinga meir meningsfull som ein del av sorgarbeidet. Dette musikkvalet er ein viktig ressurs i arbeidet med gravferdspreika. I tillegg er rommets scenografi, inkludert blomsterdekorasjonane, albertavla og glasmåleri viktige nærkontekstar for evangelieforkynninga. Dei er i alt sitt mangfald i seg sjølve tekstar som preika forhold seg til, anten ho set ord på det eller ikkje.

### **Tid- og stadfesting i minnetalen**

Den første av dei nyskrivne talehandlingane i gravferda, minnetalen, er ein kort biografi over livet til den som er død. Biskop Ole Kristian skriv meir om sentrale aspekt ved minnetalen i artikkelen «Minnetalens evangelium»<sup>1</sup>. Eg skal ikkje seie mykje om den talen no. Men eg vil eg understreke at *årstal* og *stadnamn* er sentrale byggjeklossar i ein slik tale. For meg har det vore nyttig å forstå denne store vekta på konkret tid- og stadnemning ut frå eit sentralt omgrep frå den russiske litteraturforskar Mikhail Bakhtin (1895–1975), nemleg *kronotop*, altså tid-stad. Kronotopen er ifølgje Bakhtin viktig for å karakterisere dei personane som blir skildra både i skjønnlitteratur og sakprosa. Og i minnetalen, har mange av oss erfart både som sørgande og talehaldarar, er kronotopane ikkje mindre grunnleggjande og identitetsformande enn i skriftleg litteratur: «Hytta i ...-dalen. Kvar sommar frå mai til september.» Meir treng ikkje bli sagt før den enorme betydinga av denne *tid-staden* blir tydeleg for alle som høyrer.

---

<sup>1</sup> Sjå også Bjarte Leer-Salvesens artikkel «Fra godt til sant? Presters omtale av avdøde i moderne minnetaler», *Tidsskrift for Praktisk Teologi*, nr. 2 (2013): 41–51.

Mens den første delen av minnetalen i stor grad er strukturert rundt eigennamn, både på viktige personar og stader, består den andre delen ofte av forsøk på å karakterisere den avdøde og å samanfatte eit liv ved hjelp av adjektiv og forteljingar og bildespråk. Kva rolle er det presten har og tar her, kva slags forfattar er det som kjem til syne? Ein allvitande forteljar eller ein som sjølv er berørt. *Emisk* eller *etisk*, som det heiter i sosialantropologien, alta innanfrå- eller utanfråskildring? Der pårørande og lokalsamfunnet talar innanfrå, med innforståtte ord og uttrykk, bør kanskje forkynnaren ha eit utifrå-blikk? Dersom ein no skal ta på alvor at dette dreier seg om ein offentleg tale. Om minnetalen eller minnetalane blir framført av prest eller pårørande, er dei som nemnt ord på vegner av dei pårørande og lokalsamfunnet. Det er ein av grunnane til at presten heile tida bør referere til sine kjelder for alle slike karakteristikkar av avdøde: «I samtale med familien kom det fram at ...», «de har fortalt meg at ...».

I nattverdsfeiringa blir orda om Jesu innstifting av dette heilage måltidet, med oppfordringa «gjer dette til minne om meg», gjerne omtalt som *anamnese*: ei minnehandling. Også minnetalen er *anamnese*, ei minnehandling for å gjere delar av levd liv nærverande og minneverdig. Å minnast er nødvendig for enkeltmenneske, for familiar og for venner, og også for arbeidsplassar og studiestader og heile lokalsamfunnet. Ofte set eit slikt minnearbeid i sving sterke kjensler. Ofte er orda i minnetalen stad-festing, i begge meiningane av orda, av noko som mange visste, men kanskje ikkje har sett ord på før. Av og til kan slikt minnearbeid opne for nye innsikter, for samanhengar tilhøyrarane ikkje har sett før og kanskje også ny kunnskap om både tider og stader og menneske dei trudde dei kjente. Til dømes: «Noko av det første ho har minne om, var bombinga under krigen. Barndommen var prega av sagn og einsemd, og dette sette sitt preg på heile livet hennar framover.» Ei skildring som dette gjer det mogleg å gå ut av kyrkjerommet med større kunnskap, også om lokalsamfunnets nære historie: «Så det var altså der, på det hjørnet, at det siste mjølkeutsalet her i nærområdet var. Og der borte låg det huset som vart bomba under krigen.» Eit slikt pågåande minnearbeid er også eit sorgarbeid over lokalmiljø, kanskje også over lokalsamfunn som ikkje lenger eksisterer, eller som har forvitra. I ei tid der planlegginga av gravferda i stor grad skjer i samspel mellom nære pårørande og prestar, er det lett å miste av syne at minnehandlingane ved gravferd også har ein grunnleggjande sosial funksjon for lokalsamfunna.

Erfaringa med å gravlegge folk som nettopp var levande, men som verkeleg framstår som gløynde, viser tydeleg kor grunnleggjande viktig minnehandlingar er, både for enkeltmenneske og lokalsamfunn. Slike kontrasterfaringar demonstrerer kor nødvendig det er,

i det store mangfaldet av såkalla vanlege gravferder, at vi namngir dei nærmaste, oppgjer tid og stad, og deler forteljingar om levd liv med kvarandre.

### **Forkynning ved gravferd er også ein minnetale**

Har ikkje dette vore ein lang omveg for å kome fram til saka sjølv, altså kva som kjenneteiknar og skal særprege forkynninga i gravferd? Har det vore ein omveg, er eg overtydd om at det er ein *nødvendig* omveg for på best mogleg måte å kunne nærme oss og kome på innsida av det eigenarta ved gravferdsforkynninga. For, etter å ha møtt pårørande ansikt til ansikt, fått høyre forteljingar om levd liv, både om slikt som kan og skal forteljast vidare, og også kva som nettopp ikkje skal bli fortalt vidare, og dessutan fått greie på kva musikk som vil setje preg på gravferda, har presten eit forvitneleg godt utgangspunkt for å forkynne evangeliet akkurat på *den* staden og *den* dagen.

Ei av dei store utfordringane ved gravferdsforkynninga er at den i mange år har blitt oppfatta som repeterande og smalspora. Forkynnarane har kanskje tenkt at dersom dei skal tale meningsfullt om liv og død, er det grenser for kor mykje nytt ein kan seie. Kanskje har også førestillinga om døden som «den store utjamnaren» ført til at ein har tenkt at det som skal bli sagt om liv og død, må kunne gjelde alle, same kor ulike deira liv har vore? I alle høve, mange prestar har ofte nokre få ulike slike preiker som er gjenstand for omfattande gjenbruk.

Det har opp gjennom åra vore gjort ulike forsøk på å gjere gravferdsforkynninga meir variert. Mange prestar har opplevd det meningsfullt å knyte denne forkynninga til kyrkjeårets vekslingar. Det gir god mening å snakke om julas evangelium mot slutten av året. I det heile kan ei slik forankring i kyrkjeåret knyte saman forkynninga ved gravferd og på søndagens gudstenester på ein måte som kan vere berikande både for prest og kyrkjelyd. I tillegg kan det føre til større mangfald i gravferdspreikene.

Den andre utfordringa for gravferdspreika er at den lett kan bli oppfatta som full av (bastante) påstandar om livet og døden og også om livet etter. Eg veit at nokre tilhøyrarar er på utkikk og leit etter eintydige påstandar om kor den døde er no: i himmelen? I Guds hender? Eller ein heilt annan stad? Akkurat når det gjeld slike spørsmål, er det viktig å understreke at dommen tilhøyrar Gud, og ikkje menneske, heller ikkje menneske i presteklede på ein talarstol. Dessutan er det slett ikkje sikkert at eit språk fullt av påstandar opnar opp for nye innsikter. Ofte og i mange samanhengar er det heller slik at påstandar lukkar, mens

forteljingar, dikt og bilde opnar opp. Det gjer også bønenspråket. Den svenske teologen Gustaf Wingren advarte sterkt mot alle eintydige påstandar når det gjeld det som kjem etter døden. Men for Wingren er det avgjerande forskjell mellom «att påstå och att bedja»: Å påstå at alle menneske skal bli frelst, er ikkje mogleg med støtte i dei bibelske tekstane. Derimot kan ein med all mogleg grunn *be* om det.<sup>2</sup>

Innsikta om at det er forskjell på det vi kan påstå og det vi kan be om, er ein viktig bakgrunn for å kunne setje ord på det som særpregar all kristen forkynning. Det set nemleg grenser for ønske og forventningar om at forkynnaren skal påstå at nokon blir salige på grunn av eit eller anna dei har gjort. På kyrkja sine vegner kan ein berre be og overlate levd liv til Gud. Men det bør ein absolutt gjere. I ordninga for gravferd går preika over i ein takk til Gud for det livet som no er slutt og i ei overgjeving av den døde i Guds hender. Den store fordelan ved ei preike som ikkje inneheld påstandar om korleis det skal gå med den som er død, er at den også i sin tur *avlastar* minnetalen. Minnetalen kan på det viset framstå som meir sann som ei framstilling av levd liv, og ikkje stå i fare for å bli oppfatta som aktoratets sluttappell i ein domstol, der preika i sin tur kan bli forstått som sjølve dommen.

Forkynninga av evangeliet er også ei *anamnese*; det er noko vi gjer for å halde minnet om Guds gjerningar i Jesus levande og nærverande. Den grunnleggjande utfordringa for all tenking om kristne gravferder er å klargjere kva forholdet mellom desse to anamnesane, mellom minnetalen og forkynninga, er. For det er nettopp denne nødvendige spenninga mellom minnearbeidet over den som er død, og formidlinga av den nærverande og levande Jesus som særpregar kristen gravferd.

Det er likskapar, men også viktige forskjellar mellom dei to talane. For det finst ikkje *ein* rett måte å sørge på. Sorga artar seg forskjellig for ulike menneske og i ulike situasjonar. Derfor er det viktig å understreke at det finst eit stort handlingsrom for korleis sørgande vel å omtale eller tiltale den som er død på, i gravferda og også seinare, anten det er ved å bruke andre- eller tredjepersonsformer, grammatikalsk presens eller fortid.

Den same fridomen har ikkje den som forretter gravferda. Den andre setninga som blir sagt i gravferda, er at «vi er samla her for å ta avskjed med» (eit namngitt menneske). Svært ofte startar minnetalen med å slå fast når og kor vedkommande døydde. Fortid og tredje person altså, det er lova for den som forrettar gravferda.

---

<sup>2</sup> Gustaf Wingren, *Credo: Den kristna tros- och livsåskådningen* (Lund: Gleerup, 1974), 179–180.

Når det gjeld Jesus, vedkjenner den kristne kyrkja ikkje berre at han «døydde og vart gravlagt» på ein viss stad til ei viss tid, men også at han «stod opp frå dei døde tredje dagen». Trua på oppstoda gjer det meiningsfylt å tiltale Jesus som «du» og å gjere bruk av grammatikalske presensformer. Slik gravferdsordninga legg opp til at det kan lyde ved den første tekstlesinga der Jesus seier: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!» (Matt 11,28). Ikkje «sa», men «seier», altså. Den oppstadne Jesus er levande og nærverande, og dei orda han sa ein gong, kan derfor stadig lyde som *tiltale* til dei som høyrer dei no. På den måten kan vi som lever no, stadig bli tiltalt med evangeliets ord som er retta til «de» og «dykk».

Dei første orda som blir sagt i gravferdsordninga, er passande nok ein tiltale og ei tilseiing til dei sørgande: «Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.» Og høyrer ein etter, er alle tekstlesingane fulle av slike tilseiingar: «Ver ikkje redde!» (Luk 12,7) og «Sæle dei som sørgjer, dei skal bli trøysta» (Matt 5,4), til dømes. Å formidle evangeliet er ei talehandling som skapar det den namngir. Det er altså ei performativ talehandling på line med kjærleikserklæringar eller ekteskapsinngåing. Det er først når kjenslene blir sett ord på at smugforelskinga kan bli kjærleik på open gate. I og med at vigslaren erklærer at eit par er rette ektefolk, er dei det også i rettsleg forstand. Å forkynne om Jesus handlar om å adressere dei bibelske orda og løfta slik at det blir opplevd som ei tilseiing og ikkje berre som påstandar. Det er absolutt ikkje utan grunn at dei siste orda som lyd i gravferda, er ei bøn om velsigning retta til dei sørgande. Og kanskje ei velsigning også over det livet som no er avslutta? For mange av oss gir det derfor god mening at liturgen teiknar krossteiknet ikkje berre over dei pårørande, men også over den som er død.

### **Sorgsamtale, musikkval og kyrkjerom som ressursar**

Akkurat som ved andre viktige kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon og vigsle veit predikanten på førehand mykje om kven preiketilhøyrarane er, og kva dei er opptekne av. Dette er kunnskap som få prestar har i forkant av høgmessepreika. Som allereie antyda er utfordringa med høgmessepreika at tilhøyrarane lett kan få inntrykk av at den er adressert til *alle og ein kvar* når som helst og kor som helst.

Møtet med dei pårørande på førehand gjer det mogleg å skjøne meir om kva slags forkynning av evangeliet som er viktig akkurat i denne gravferda. Kunsten er å kunne gjere bruk av all denne kunnskapen om levd liv, ikkje som kulissar og til billige overgangar i preika, men til å tolke evangeliet i lys av slike allment tilgjengelege erfaringar. For ofte gjeld



det fenomen og erfaringar som kastar lys over skapinga og over Gud som skapar. Det dreier seg om alt som kan danne ein viktig klangbotn til evangeliet om Jesus, kanskje i kontrast til dei verkelege erfaringane samtalen har gitt oss kunnskap om.

Er ikkje dette noko som kan gjere forkynninga flat og banal? Tvert om, trur eg. For ved å ta utgangspunkt i det som kjem fram i gravferdshandlinga som heilskap, kan forkynninga tvert om bli meir livsviktig.

Kva då med alle dei forteljingane vi høyrer om, men som ikkje skal bli sett ord på i gravferdshandlinga? Til dømes dei godt bevarte hemmelegheitene om overgrep, rusmisbruk og vald. Den teologiske utfordringa i møte med slike altfor utbreidde erfaringar er at det ikkje er mogleg å bruke autopilot for å setje ord på kva som er evangeliet i møte med dei. Det dreier seg jo i liten grad om skuld, mykje meir om skam. Skuld har luthersk teologi alltid vore god på. Skuld kan bli møtt av evangeliets ord om tilgjeving av synder. Men kva er evangeliets svar og tiltale i møte med skamma? Velsigning, kanskje? Erfaringar av å bli akseptert, av kjærleik?

Fleire av bibeltekstane som blir lese, set gode ord på kor mangfaldig menneskelivet er og kva som står på spel. Forkynnaren si utmaling av alt menneskeleg det er ei tid for, framstiller eit nett av menneskelege kontrasterfaringar som mange kan kjenne seg igjen i. Kanskje kan Forkynnaren også hjelpe oss til å finne ut kva det er *ei tid for no*, i vårt liv? Også Paulus si oppsummering av det viktigaste i menneskelivet – tru, von og kjærleik – gir på sitt vis ei slags innhaldsforteikning over kva evangeliet handlar om.<sup>3</sup> Den store utfordringa for kristen formidling av evangeliet er at det ikkje dreier seg om å setje ord på eit saksforhold, altså å prøve å fortelje kva kjærleik, håp, trøyst og glede er i seg sjølv. Forkynninga skal tvert om *formidle* håp og livstru og *vere* eit godt bodskap til dei som høyrer. Eller i det minste gi glimt av håp.

Eg veit at fleire prestar har eit dikt av Olav H. Hauge over skrivebordet. Diktet «Kom ikkje med heile sanningi» er ei påminning om at ein slettes ikkje treng ha som mål å setje ord på alt, same kor sant det er:

Kom ikkje med heile sanningi,  
kom ikkje med havet for min tørste,  
kom ikkje med himmelen når eg bed um ljøs,

---

<sup>3</sup> Werner Jeanrond sin teologiske trilogi om tru, håp og kjærleik viser dette på ein forvitneleg måte: Werner Jeanrond, *Kärlekens teologi* (Stockholm: Verbum, 2010) og *Hoppets dynamik* (Stockholm: Verbum, 2020). Det siste bindet i denne trilogien, om trua, er enno ikkje publisert.

men kom med ein glimt, ei dogg, eit fjom,  
slik fuglane ber med seg vassdropar frå lauget  
og vinden eit korn av salt.<sup>4</sup>

Heller enn heile sanninga, havet eller himmelen er det tilstrekkeleg å kome med «ein glimt, ei dogg», eller eit fnugg altså. Det viktige er å kome med det som er *nødvendig*, i begge meiningane av ordet, med det tilhøyrarane verkeleg har behov for, om dei no er tørste eller «ber om ljøs». Dei nødvendige orda i ein slik samanheng kan nettopp vere «eit glimt» av håp eller av lys.

Ein måte å formidle eit slikt nødvendig glimt på kan vere å ta utgangspunkt i noko som dei sørgjande har eit sterkt forhold til. Salmane i gravferd er tekstar som er prøvd, som har stått sin prøve for generasjon etter generasjon i møte med døden, på liknande vis som bibellesingane. Dersom preika kan vere med og opne nokre av desse orda og gjere dei minneverdige og meningsfulle i møte med dei erfaringane folk gjer seg, kan det i seg sjølv vere ei formidling av håp og livstru. Akkurat det same kan ein seie om song og musikk folk har eit sterkt forhold til, eller til bøker eller forteljingar. Dersom den som er død, hadde eit lidenskapeleg forhold til Elvis eller til Harry Potter-universet, er det ikkje vanskeleg for ein informert forkynnar å kople denne fascinasjonen til sentrale sider av evangeliet. Her er det faktisk berre kvaliteten til desse kulturprodukta som avgjer om dei kan vere gode utgangspunkt for evangelieforkynninga, eller ikkje. Er teksten *god*, er det mogleg å bruke den til å seie noko viktig og sant, også om Gud.

Fordelen ved å gjere bruk av slike tekstar og bilde som dei som høyrer har eit nært forhold til, er at det vil bli hugsa, også neste gong folk høyrer på yndlingsmusikken eller ser igjen filmar og fjernsynsseriar. Fortellingar, bilde og musikk er nød-vendig også i møte med døden. Dei kan, bokstaveleg tala, vende nød. Og dei kan opne for håp og livstru. Her er det berre fantasien som set grenser for kva som kan gi meining.

### **Gravferder inviterer til teologisk refleksjon**

Noko av det som er fascinerande ved å vere prest eller diakon og stadig møte og snakke med menneske i samband med gravferder, er å oppdage kor ulike erfaringane deira er. For det dreier seg om alt frå himmelropande sorg over liv som vart alt for korte, vemodig

---

<sup>4</sup> Olav H. Hauge, *Dikt i samling* (Oslo: Samlaget, 2010), 185.

takknemlegheit over liv som har betydd mykje, om ordlaus sorg og smerte, men også om forteljingar om menneske som ikkje blir sakna. Og av og til, og stadig oftare, møter prestar og diakonar situasjonar der dei ikkje finn nokon som kan formidle desse forteljingane om levd liv: ingen naboar i oppgangen, ingen slektningar, ingen venner og «ingen» som lenger hugsar mjølkebutikken på hjørnet. Slike møte med mangel på sorg viser i seg sjølv at lokalmiljø har forvittra: Det fleire har skildra som ei nokså rettlinja utvikling mot stadig større vekt på det individuelle ved gravferder har også ei skuggeside, nemleg bortfallet av forpliktande nabolag og fellesskap som tar ansvar når det ikkje finst familie eller venner som kan gjere det.

Møtet med ei slik sorg over sorg og omsorg som ikkje lenger finst, gjer det stadig meir viktig å setje ord på dei minna som er tilgjengelege, om fødestader, om arbeidsplassar som ikkje lenger finst, og leilegheiter som no er jamna med jorda. Og dei gjer det maktpåliggande å gjenta bibelske utsegner, nesten på trass: «For ingen av oss lever for seg sjølv, og ingen døyr for seg sjølv» (Rom 14,7), som er ein av tekstane som er foreslått i gravferdsordninga. Korleis skal presten og diakonen greie å overtyde seg sjølv og andre om at dette faktisk er sant, og at også dette er eit evangelium?

Det spennande med forkynninga av evangeliet ved gravferder er at den gjer at det faktisk er umogleg å *ikkje* stille slike grunnleggjande teologiske spørsmål. Og å begynne å leite etter svar på slike spørsmål om liv og død som kan gi meining til fleire. Slik er ei gravferd eit ypparleg utgangspunkt for prestar til å ta ordinasjonsløftet om å trenge «stadig djupare ned i dei heilage skriftene og den kristne truas sanningar» på alvor. Å vere i stand til å formidle evangeliet ut i frå bibelske tekstar i møte med verkelege folks erfaringar er nettopp å gjere bruk av den faglegheita som teologistudiet gir, og som gjer at fagleg sterke teologar er nødvendig for at kyrkja ikkje skal stagnere.

Det er derfor litt overraskande å observere at nokre prestar brukar mykje tid på minnetalen, og at forkynningsdelen blir tilsvarande stutt. Intensjonane bak ei slik prioritering av den individuelle minnedelen er sikkert gode. Problemet for dei som deltek i gravferda, er at dei ikkje får del i ei faglegheit som kan setje ord på det som ikkje seier seg sjølv, noko som kan formidle korleis både dei individuelle og allmenne erfaringane av død og sorg heng intenst saman med evangeliet.

Eg veit at mange teologar er opptekne av krimlitteratur. Noko av denne interessa for nitid etterforsking skriv seg kanskje frå at prestar, som nemnt, i nokre tilfelle sjølv må leite etter spor etter kven den avdøde verkeleg var. I tillegg er alt skikkeleg tekstarbeid, alle forsøk på å lese gamle tekstar om igjen for å finne noko som er viktig for oss no, også eit slags

detektivarbeid. Kva kan vi feste vår lit til, når alt røyner på? Finst det håp? Den svenske poeten Tomas Tranströmer svarer slik i eit dikt: «Vi är inte utan hopp. De svåraste brotten förblir ouppklarade trots insats av många poliser. På samma sätt finns någonstans i våra liv en stor ouppklarad kärlek.»<sup>5</sup> Gjennom kreativitet, lytting og fagleg refleksjon har forkynnaren i ei gravferd som oppgåve å leite etter eit slikt håp i verkeleg levd liv og å formidle det slik at det faktisk gir håp.

Gravferdsforkynninga opnar opp for teologisk refleksjon og utfordrar forkynnara til å vere rimeleg oppdaterte på det som skjer i samfunnet og på ulike kulturuttrykk. Dessutan gjer den i seg sjølv det tydeleg kva som står på spel i all forkynning av evangeliet. For kanskje er det slike preiker, i gravferd, ved dåp og i vigslar, som tydelegast kan vise kva ei preike er og kan vere? Nemleg adresserte og datererte ord som skal formidle noko (livs)viktig til dei som faktisk er til stades.

Rolv Nøtvik Jakobsen

---

<sup>5</sup> Tomas Tranströmer, «Madrigal», *Samlade dikter 1954–1996* (Stockholm: Bonnier, 2011), 337.